



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 5

Oktober 2021

72. årgang

INNHALD

Min salme2

Andakt3

Takk til Arne.....3

Tur til Bjørneparken.....4

Byggeprosjekt Hemsedal.....4

Trøyst i lyset som skin 5

Fast giverteneste..... 5

Kunngjeringar..... 6 & 7

Gudstenester7



Konfirmantane i Hemsedal

1. rad f.v.: Ani Elena Erlandsen, Eva Kirkebøen, Sofia Jane Erlandsen.

2. rad f.v.: Kia Jostad-Agius, Erlend Ulsaker, Magnus Wollebæk Veslestølen, Frida Emilie Pettersen Henriksson, Sokneprest Camilla Osnes

3. rad f.v.: Oskar Owesen, Fredrik Carlson.

4. rad f.v.: Sindre Kristiansen Skolt, Kristian Vold Intelhus, Lukas Mythe

FOTO: SKREDEGÅRD FOTO

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån–fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:

Anne Gerd Jorde

Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no

Sokneprest:

Arnstein Bleiktvedt (i permisjon)

Diakonarbeidere:

Sissel Rudningen (70%)

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
sissel.rudningen@gol.kommune.no
(tyssdag, onsdag, torsdag, annakvar måndag/fredag)

Wera Waage Frogner (30%)

Mobil: 943 54 618
wera.waage.frogner@gol.kommune.no

Organist:

Justin Vickery

Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær:

Thorunn Haugo

Tlf: 32 02 91 39

thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Fri fredagar.

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord

Tlf: 911 22 763

Knut Ole Klepp

Tlf: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafsås

Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor

- Hemsedal kommunehus

Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal

Eksp. tid mån – tor 9.00–15.00 fre 9.00–12.00

Tlf. 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no

kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjevevjerje:

Kjetil Th. Storebråten

Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745

kjetil@hemsedal.kommune.no

Kontortid: Mån–tor: 9.00–15.00 fre: 9.00–12.00

Sokneprest:

Camilla Osnes

Mob: 977 15 677 • Fri måndager

camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Kantor:

Peter Rødel

Tlf: 401 08 339 • kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:

Wilfried Westera

Tlf. 971 09 922 • wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:

Hans Vidar Sørensen

Tlf: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Sokneråda og fellesråda:

Gunn Astrid Frøysok

Leiar Gol og Herad

Tlf. 990 34 376

Irene Markegård

Leiar Hemsedal

Tlf. 482 02 020

Ynskjer du å gje

ei gåve til kyrkja:

Hemsedal: 2367.20.49482

Gol: 2324.20.01354

Herad: 2324.62.05795

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året

Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

Redaksjon:

Ludvig Munkejord (red.), Sølvi Larsen Aalrust, Kjell Slåtten,
Gunnar Rudningen, Hilde Moe Hillestad, , Gunn Ragnhild Stigen.

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 3550 Gol

E-post: ludv@online.no

Kasserar:

Arne Oddmund Tuv,
3560 Hemsedal.

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal
2367.60.00097



FOTO: PRIVAT

Det er ikkje så lett å velje seg ei salme, det er mange eg gjerne ville ha trekt fram. Eg har valt «*Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang.*». Det er ei nyare salme i Salmeboka, med ein litt krevande melodi for meg som ikkje er så god til å synge, og med ein veldig sterk tekst.

Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang

T og M: Christer Hultgren
O: Per Hagen

*Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang,
jeg vil takke deg med mine ord
for din nåde som er uten grenser,
og for godhet og kjærlighet stor.*

*Refr.: Jeg vil gjøre mitt liv
til en lovsang for deg,
la hver tone en hyllest
til deg være,
og i dager med glede
og dager med sorg
vil jeg leve hver dag
til din ære!*

*Ingen annen er verdig den sangen.
Bare du, Herre, eier min sang,
og i himmelen skal
lovsangen lyde
til din ære en evighet lang.
Refr.*

*Og om sangen i blant skulle stilne
og forstyrres av uro og strid,
Herre, åpne på ny mine øyne
så jeg ser at hos deg er min fred.
Refr.*

MIN SALME

INGRID UNDHEIM LØKEN



Denne lovsangen har eg opplevd å synge i lag med mange, der mi pipe-stemme forsvinn i det store koret. Der vi i lag har fått takke for Guds nåde som er utan grenser og sunge ut at vi vil leve våre liv til Guds ære. I dagar med glede og i dagar med sorg, ingen annan er verdig den sangen.

Aleine har eg og sunge denne lovsangen, ofte med tårer på kinn, gjerne høgt og i lag med nokon på Spotify eller YouTube. På dei dagane eg ikkje er på topp så kan eg likevel velje å lovsynge, takke Gud for hans nåde gjennom Jesus. Å leve med takksemi i hjarte gjer noko med ein. Eg kan velje å gje Gud ære og takk, uavhengig av mine kjensler.

Kvar morgon har eg ein ny sjanse til å be; Herre, TAKK for din nåde, og vis meg korleis eg kan ære deg med mitt liv i dag!

Eg utfordrar Gunnhild Hals til å dele ei salme ho er glad i.

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202

Se, han kommer!

FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

ANDAKT

ARNE JENSEN

«I går, da jeg var ung» er tittelen på en sang. Her antyder tekstforfatteren at han synes tiden går for fort. Når man er ung, kan drømmer, dager og år som ligger foran, synes mange og lange. Tidsperspektivet uendelig. Det er så mye man vil gjøre, så mange glade sanger man ønsker å synge. Men når den gamle mannen ser seg tilbake, ser han at tiden gikk altfor fort. Nå tenker han mer på alle sangene han ikke fikk sunget.

Det er «jeg, meg og mitt» som har vært sentrum i mannens liv. Han har aldri stanset opp og tenkt over livets dypere mening. Ikke før nå. Plutselig ser han at han har bygget huset sitt på sand. Han innrømmer at denne erkjennelse kommer for sent. Men på dette punktet tar den gamle feil, i hvert fall når vi ser livet vårt gjennom Jesu øyne.

Mange kjenner seg igjen. Etter 35 år som prest har jeg tenkt: Hvor ble alle disse årene av? Dagene som bare kom og gikk, begynte og sluttet, -var det alt? Noe som kan gi trøst til slike tanker er den sannhet at Gud har en plan med våre liv hele livet. Denne meningen ønsker Jesus å formidle til alle som vil lytte, og vi snakker om et budskap like mye beregnet på gamle som på unge.

«Se, han kommer» stod det på en plakat som prydet rommet mitt under ungdoms- og studietid. Der handlet det om den Jesu gjenkomst troende over hele verden lengter etter. Men enda mer enn å pynte et rom, preget disse tre ordene min tro og dens glede. Lysten til å leve nær Jesus ble større for hver gang jeg åpnet Bibelen.

Tidsmessig snakker vi om Jesusvekkelsen på 70- og 80-tallet. Jeg levde nok mer litt i skyggen av disse begivenhetene, men selv vekkelsens skygge var lys. Du prøvde ikke å skjule det faktum at du var kristen. Tvert imot. På vei til bibeltime bar jeg Bibelen i hånda, ikke i en veske. Jeg ville at folk skulle se! At troen skulle smitte! Troen på Jesus setter alt som er i oss og rundt oss inn i et helt nytt lys. Det unike er at troen gjør noe både med vår fortid, nåtid og fremtid! Som prest ønsker jeg å formidle akkurat dette. Ikke bare i vekkelsestider, men like mye i dag. Jesus kommer ikke bare en gang i en fremtid. Jesus kommer hver eneste dag til alle som ønsker det.

Derfor kan den gamle mannen vi blir kjent med i sangen senke skuldrene. Det er ikke for sent for ham heller. Jesus elsker alle mennesker,



fra unnfangelse til død. Tenk da så stort det er å få gi ham litt kjærlighet tilbake. Kanskje ved å begynne dagen med å si: «Jesus, hva er din plan med mitt liv denne dagen? For i dag vil jeg tilhøre deg.»

bruse
ditt fiberselskap

VI LEVERER **altibox**

Takk til Arne Jensen

FOTO: BIRGER BOLSTAD

Plutselig vart prostiprest Arne Jensen pensjonist. Kven skulle trudd det? Gjennom mange år har me i Gol og i Hemsedal hatt den store glede å ha Arne innom som prest. Det være seg i gudstenester som i gravferder og bryllaup. Når prosten har måtte finne vikarar for dei faste prestane våre, så har det ofte vore Arne som har steppa inn.

På vegne av kyrkjelydane i Gol og Hemsedal vil me på denne måten få seie tusen takk for innsatsen og for det du har fått bety for veldig mange av oss.

Du har sett spor etter deg!
Lukke til vidare som pensjonist.



Frå kyrkjekaffien i Ål etter avskjedsgudstenesta:
Arne fekk i gåve eit bilete frå Ålingsfjella tatt av Ole Johs. Brye.
Frå venstre leiar i soknerådet for Leveld, Torpo og Ål Einar Brattegard, så Arne Jensen og kona Randi Sigrun.

Dinosaurbrøl og klatrande bjørnar

Det var høg trivselsfaktor då kring 50 golar deltok på menighetstur til Bjørneparken i Flå.

TEKST OG FOTO: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS
FOTO: GUNN ASTRID FRØYSOK

På ein litt grå haustdag utan regn, samlast vi fyrst i Amfiet for ei lita fellessamling ved Camilla Osnes. Deretter venta dinosaurpark, dyreforingar, leikeplassar og berg- og dalbane.

På ein haustdag i parken var det ikkje så mykje folk, så det var lett å få med seg kva dyrepassarane sa om dyra, og ein kunne møtast og slå av ein prat på ulike stader i parken.



Til slutt fekk fleire av oss med oss korleis bjørnane leita etter frukta dyrepassarane hadde gøymt rundt i innhegninga, og lett klatra til topps i treet for å hente honningmelonen som hang der. Det viste i alle fall at om ein møter bjørn i skogen er ikkje løysinga å klatre opp i eit tre...

Slike turar vil vi ha fleire av!



Status på byggeprosjekt i Hemsedal sommaren 2021

TEKST OG FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Denne sommaren har det vore hektisk aktivitet med byggearbeid på Hemsedal kyrkje, gravplassen og Lykkja kapell.

Lykkja Kapell

Kapellet har no fått nytt fint bordtak. Det gamle villskifertaket vart teke ned på grunn av mange lause heller. Stople AS ved Torbjørn Stople og Espen Nybakk utførte arbeidet.

Taket på uthuset skulle også reparerast, men her var sjølve reisverket så rote at alt på sikt må rivast. Soknerådet undersøker muligheita for å laga WC inne i kapellet. I mellomtida vil det bli lagt bølgeblikk på taket på uthuset. Korset og værhanen skal renoverast i løpet av vinteren, og kjem på plass att våren 2022.

Hemsedal Kyrkje

Klokketårnet er i sommar blitt renoverert av Akasia Eigedom frå Bergen. Det er laga eit nytt rom bak orgelet ved å senke himlingen.

Dette gjer at rommet bak orgelet/galleriet no er isolert og blir oppvarma. Ny trapp til klokketårnet er også levert av Strendo Tretrapper.

Tårnet er elles blitt måla utvendig, og det er renoverert vindauge og beslag på heile tårnet.

Det mest synlege er at me har fått ny inngangsdør på kyrkja. Den gamle var veldig utett og trekkfull. Me ser fram til å få ned fyringsutgiftene, og få eit lunt våpenhus.



Urnelund

Det er i sommar blitt opparbeida ny grusgang på gravplassen mot Kyrkjestugo. Ny urnelund er anlagt, og ein mur for minneplater på den namna minnelunden er i ferd med å bli ferdig i desse dagar.

Grunnarbeidet til urnelunden er utført av Hans Vidar Sørensen, Jonny Furu og Olav Støyten. Murarbeidet blir utført av Per Bjørn Rustberggard og Torgeir Haug.

Trøyst i lyset som skin

TEKST: DEN NORSKE KYRKJA FOTO: JARLE HAGEN

Stadig fleire erfarer allehelgensdag som ein viktig minnedag. - Mange lever med sorg og sakn. Dei finn trøyst i at lyset skin, seier diakon Astrid Olga Tretterud. Sorg er noko vi alle møter i løpet av livet. For dei etterlatne kan sorg fortone seg svært forskjellig. Du kan ta kontakt med ein prest eller diakon der du bur for å få hjelp til å handtere sorg.

- Eg erfarer at mange etterlatne, særleg dei fyrste månadane etter at dei har mista noken, går til grava kvar dag og tenner lys.

Ein trøyst i lyset

Tretterud ser at dette handlar om at det er ein trøyst at lyset er der på grava. Etterlatne tenner lys for å minnest den døde. Lyset som brenn på grava fungerer og som eit symbol på at den døde er med i livet vidare og ikkje gløymt.

- I sorggrupper kjem det fram at mange ber eit ynskje om at det skal brenne lys på grava. Etter kvart oppsøker folk ikkje grava like ofte,



men dei tenner lys ein gong imellom. Nokre spør naboar eller andre om å tenne lys på grava om dei sjølve er på reise. Diakon Astri Olga Tretterud ser at det er noko vakkert i det aukande lyshavet på kyrkjegardane.

- Mange lever med sorg og sakn. Dei finn trøyst i at lyset skin på grava. Tretterud siterar frå salmen «Midt i alt det meningsløse», skreven av Svein Ellingsen, med von om at salmen kan gje trøyst til alle som strevar med sorg og sakn.

Om vi seirer eller synker skal vårt svake liv bli båret gjennom liv og gjennom døden. Gud, vi roper: Du som finnes, finn oss, redd oss, la din nærhet bli vårt lys i tvilens mørke.

Kvifor tenner vi lys i kyrkja?

Minnemarkeringar for døde er av dei eldste kristne skikkane vi har. Lystenning på graver har vore ein veksande tradisjon i Norge dei siste tiåra. Årsakar til det kan vere auka turisme der ein til dømes har opplevd lystenning i katolske kyrkjer. Lystenning blir eit stadig vanlegare ritual i Den norske kyrkja. Framleis er det truleg flest som vitjar grava julekvelden, men allehelgensdag veks som ein viktig minnedag. Agedal ser grunn til å tru at bruken av lystenningssymbolet berre vil auke.

- Ved katastrofar og nasjonale minnemarkeringar har lystenning blitt ein viktig del av den «offentlege sorga». Det har truleg styrka opplevinga av dette symbolet, seier Olaf Agedal, forskar ved KIFO, institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning.

Fast gjevarteneste i Gol og Herad

Koronatida siste halvanna året har prega oss alle på ulike vis. Ein av dei tinga vi ser tydeleg i kyrkja er ein dramatisk nedgang i offer/gåveinntekter både til eiga og andre sitt arbeid.

Gol og Herad sokneråd ynskjer derfor å starte opp med fast gjevarteneste. Dette fører til meir forutsigbare inntekter for soknerådet. I tillegg er det ein fin måte å gje di gåve på til kyrkjeleg arbeid i Gol. Då treng du ikkje å sitja i kyrkjebenken om du vil vera med å gje. Du vil også kunne få skattefrådrag om du oppgir personnummeret ditt.

Du kan enten betale eit fast beløp til kyrkjelydsarbeidet generelt eller du kan merke på skjema kva du ynskjer å gje spesifikt til. Aktuelt arbeid å øymerke gåva til kan vera:

- Diakoni
- Musikkarbeid i kyrkja
- Trusopplæring
- Ten-Sing, starta hausten 2021

Eller om du har andre hjertesaker du vil føre opp.

Eg vil delta i gjevartenesta med kroner (kryss av):

☐ 200,- ☐ 300,- ☐ 500,-

☐ anna beløp:

☐ kvar månad ☐ kvar 6. månad

☐ som eingongsbeløp

☐ Eg ynskjer skattefrådrag.

Personnr.:

Beløpet skal trekkast frå mitt

kontonummer:

den..... i kvar mnd.

☐ Eg ynskjer å bruke **Avtale Giro**

☐ Eg ynskjer å få tilsend giro

Mottakar

Gol og Herad sokneråd
Gamlevegen 4, 3550 Gol

Kontonr. 2324 07 12296

Giver

Namn:

Adresse:

.....

Dato

Signatur

Klypp ut og lever til kyrkjekontoret eller send svarcupongen i undertegna tilstand og i lukka konvolutt til Gol kyrkjekontor, Gamlevegen 4, 3550 Gol
Eller skann og send på e-post: kyrkja@gol.kommune.no

Bli med på S-klubben!

S-klubben er ein kristen barneklubb for born i alderen 5-12 år. Vi har samling på Kyrkjestugo desse onsdagane i haust, kl. 17.30 – 19.00:
20. okt, 3. nov, 17. nov.

Vi startar med felles samling på Kyrkjestugo.

Etterpå kan ungane velje mellom desse aktivitetane:

Matlaging og hobbyaktivitetar.

Leiking og moro i Trøimshallen.

Snekring i sløydsalen på skulen - for 3. kl og eldre. Kodeklubb, der ungane leiker og lærer med programmering – for 4. og 5. kl.

1. desember: Adventssamling.

5. januar: Juletreff på Kyrkjestugo.

Går du i 5., 6. eller 7. klasse?

Då kan du bli med på S-klubben UTE.



Utegruppa held til i gapahuken, i skogen på vegen mot Torsetsida. Ta på varme klede og hovudlykt, og bli med på aktivitetar i skogen, leiking og bålkos. Alle møter ved gapahuken kl. 17.30 og vert henta der kl. 19.00.

NB! Om du går i 5., 6 eller 7. klasse og heller har lyst til å vera med inne på Kyrkjestugo, kan du gjerne det! Vi følgjer dei til ei kvar tid gjeldande smitteverntreglar.

Har du spørsmål, ta kontakt med Anne Berit Ulsaker, tlf 977 63 842

Pilegrimsvandring i Gol

Sundag 31.oktober er det gudsteneste i Herad kyrkje kl 11.00. Direkte etter gudstenesta vil det bli ei pilegrimsvandring på delar av den ferdiglaga pilegrimsruta (grus, asfalt og sti), med start frå Herad kyrkje.

Ta med deg niste, drikke, bibel, sitje- underlag og høvelege klede. Me går i samla flokk, der diakonmedarbeidar Sissel Rudningen vil ta oss med på stillettid, bøn, song og tekstlesing i omlag 3 timar.

Velkomen til alle aldrar!

- Diakonitualet i Gol og Herad sokn

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen

Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen

Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD - HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Terje Nordal - Steinar Aa - Torfinn Slåtto
Vakt: 917 06 250 / hallingdalgravferd.no



Hei du! Går du i 4., 5., 6. eller 7. klasse? Så bra!

Da er du invitert på klubb-kveld på Gol bedehus!
Fredag 29. oktober klokka 19.00-20.30

Det blir: mat, minikiosk, kort andakt, mulighet til å spille bordtennis, biljard, brettspill...- akkurat så morsomt som DU er med å lage det! Ta med ein venn og kom! Spørsmål? Britt Marie - 951 22 136



Velkomen til kyrkjeteater!

«Kirkerottene og Kattunge»

Gol kyrkje, onsdag 3. nov - kl 18.00

Enkeltbillett kr 50,- Billettsalg ved inngangen
Dørene opnar 17.40



Seven – Stjernen er tent

Årets adventsmusikal for heile familien!

Gol kyrkje, sundag 5. des - kl 15.00

Enkeltbillett kr 50,-
Billettsalg ved inngangen

Medarbeiderfest/ frivillighetsfest på Gol

Onsdag 1. desember kl 19.00

Det blir fest for deg som er frivillig, rådsmedlem eller medarbeider i kyrkja.

Nå er det tid for å møtast att og du fortener ein fest. Set av datoen allereie nå. Meir info kjem.

Kan DU tenke deg å bli klokkar i Gol?

Det trengs ein ny klokkar i Gol kyrkje frå nyttår 2022.

Opgåvene til ein klokkar er blant anna å tilrettelegge til gudsteneste for offer og vera med å telle kollekt, sjekke salmenummertavle, føre register i eiga bok som er for dette, lesa kunngjeringar og gjerne vera tekst-lesar. Ved dåp skal klokkar ta imot dåpsfølgjet og vise dei til rette og hjelpe til under dåpen. Ved nattverd skal dei blant anna hjelpe presten med messehagelet om det trengs og hjelpe til under nattverden om dette er ynskjeleg frå presten.

Tenesta blir løna med 3 timar kvar gudsteneste ein deltek. Det er 3 klokkarar i Gol kyrkje som deler på denne jobben. Det vil seia at det er teneste omlag kvar sjette søndag pluss noko i høgtidene.

Ynskjer du å gå inn i ei slik teneste så ta kontakt med Gol kyrkjekontor:

Gamlevegen 4, 3550 Gol, e-post: kyrkja@gol.kommune.no eller på telefon.

v:pps

Kyrkjebladet



591790
Vipps nummer

Gol og Herad kyrkje



517300
Vipps nummer

Hemsedal kyrkje



105608
Vipps nummer

Lykkja kapell



542742
Vipps nummer

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Gol kyrkje

12.09.21 Vetle Gauteplass Løstegård
10.10.21 Syver Krag Lio
10.10.21 Sara Pedersen Thorsnes

Herad kyrkje

03.10.21 Saga Johannesdottir Hildrum

Hemsedal kyrkje

12.09.21 Sigrid Vågen Venås
26.09.21 Mina Brenno Nygård

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 6/2021 kjem ut i uke 48

Stoff sender ein til: ludv@online.no

innan 18. November

VIGDE

Gol kyrkje

28.08.21 Ranveig Jegleim og
Petter Gautneb
25.09.21 Mona Elisabeth Engene og
Knut Gullingsrud

Hemsedal kyrkje

04.09.21 Marcus Solbakken og
Benedicte Teigland
18.08.21 Christine Lien Dahl og
Kjartan Haugland Johansen
02.10.21 Madeleine Dokk og
Ivar Sagstuen
02.10.21 Maren Raustøl Pedersen og
Stig Erik Knudsen

DØDE

Gol kyrkje

22.08.21 Solveig Jacobsen f. 1927
02.09.21 Birgit Magnetun f. 1940
28.08.21 Hilda Hansegård f. 1934
21.09.21 Svein Granheim f. 1945
01.10.21 Torleiv A. Haugo f. 1934

Herad kyrkje

02.09.21 Trygve Saue f. 1958
28.09.21 Kristi Hoftun f. 1933

VELKOMEN TIL KYRKJE!

17. okt – 21. søndag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Lys og Liv festivalgudsteneste.
Osnes. Hafsås.
Takkoffer: Fair & Square.

GOL KYRKJE KL 17.00
Gudsteneste. Presentasjon av
konfirmanter. Styve Sæbø.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

HERAD KYRKJE KL 19.00
Gudsteneste. Presentasjon av
konfirmanter. Styve Sæbø.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

24. okt – 22. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Bjørneby.
Takkoffer: TV-aksjonen

HESMEDAL KYRKJE KL 19.00
Gudsteneste. Presentasjon av
konfirmanter. Osnes.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

31. okt – Bots- og bønnedag

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Eklund.
Takkoffer: Musikkarbeidet i kyrkja.
Pilegrimsvandring etter gudstjenesten.

7. nov – Allehelgensdag

GOL KYRKJE KL 11.00
Allehelgensmesse. Giljebrekke.
Rudningen. Kyrkjekaffe.
Takkoffer: Diakoniarbeidet.

HERAD KYRKJE KL 18.00
Allehelgensmesse. Giljebrekke.
Rudningen. Kyrkjekaffe.
Takkoffer: Diakoniarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00
Allehelgensmesse. Osnes.
Takkoffer: Institutt for sjesorg

18. nov – torsdag

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.30-19.30
Open kyrkje med salmar/lovsang v/
Hanna Songøygard Smørvik

21. nov – Domssøndag/Kristi

Kongedag
HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjestugu.
Kyrkjelydens årsmøte etter gudstjenesta

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Giljebrekke.
Takkoffer: Trusopplæringa.

28. nov – 1. søndag i adventstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Bjørneby.
Takkoffer: Redd Barna.

2. des – torsdag

GOL KYRKJE KL 19.00
Konsert m/Kim Rysstad.

5. des – 2. søndag i adventstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Lys vaken gudsteneste. Osnes. Hafsås.
Takkoffer: Kyrkjebladet.

GOL KYRKJE KL 15.00
Musikal m/sanggruppa SEVEN

HEMSEDAL KYRKJESTUGO KL 19.00
Møtepunkt. Tale: Diakon Hilde
Kirkebøen. Tema: Diakoni og bøn.

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00
Konsert. Blåtoner Julefred.

12. des – 3. søndag i adventstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Styve Sæbø.
Takkoffer: Sundagsskolen Norge.

GOL KYRKJE KL 18.00
Adventskonsert.
Takkoffer: Musikkarbeidet i kyrkjelyden.

19. des – 4. søndag i adventstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Bleiktvedt.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00
Adventskonsert.
Takkoffer: Musikkarbeidet i kyrkjelyden.

Konfirmantane i Herad

1. rad f.v.:

Silje Lauvvang Rivedal,
Kristine Hamre,
Anine Håva Eiklid.

2. rad.:

Elina Saue Gashi,
Mari Østro,
Marte Gjerdene Ringdal,
Björg Grødum Venås.

3. rad f.v.:

Sokneprest Camilla Osnes,
Edel Victoria Bekkevold Saue,
Sara Syversrudengen.

4. rad f.v.:

Fredrik Rukke Bjerkerud,
Sander Rand-Fagerstrøm,
Theodor Krydsby-Sommersten

FOTO: SKREDEGÅRD FOTO



Informasjon



Konfirmantane i Gol

FOTO: SKREDEGÅRD FOTO

1. rad f.v.: Madelen Grøndalen, Inger Løstegård Solhjell, Elise Dørdal Nibstad, Ingrid Gjeldokk Øynebråten, Tilde Myren Lien, Ane Linea Bleiktvedt, Oda Agnete Rolid. **2. rad f.v.:** Sokneprest Camilla Osnes, Charlotte Jacobsen Sollien, Brit Orset Svello, Joakim Magnetun Bækken, Noa Nathaniel Flindt Haugstad. **3. rad f.v.:** Lukas Wischmeyer, Dag Eskil Pedersen, Erik Svare, Per Aleksander Viko, Sander Aasen, Eirik Mikkelsplass Bjørnebråten, Jørgen Ween Helberg, Knut-Erland Brenno Skredegård, Marius Brøto. **4. rad f.v.:** Sander Reese, Simen Skogholt, Elias Fossum, Storm Mørk Saggau Holm, Sondre Engeseth Thorset, Henrik Amundsen Etterlid, Martin Glemmestad Stanes, Håvard Brekke Rotneim.